



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2021/2-47

Sakshandsamar:  
Rita Hansen

Dato  
12.13.23

### REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 11. DESEMBER 2023

Møtestad: Kommunehuset, Åseral kommune  
Møtetidspunkt: 11. desember kl 1000 - 1400  
Desse møte: Hans Blattmann, Bykle kommune (leiar)  
Lars Tarald Myrum, Valle kommune  
Runar Flåt Granheim, Bygland kommune  
Morten Haraldstad, Evje og Hornnes kommune  
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune  
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Satu Koski og Karl Robert Leland (Åseral hytteservice mm)

Sak	Merknad	Ansvar /frist
<b>1 - Godkjenning av referat frå førre møte</b>  Referat godkjent. Ein held fram med å ha referat, møteplan osv på <a href="#">nettsida</a> , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka.		
<b>2 – Leiars hjørne</b>  Hektisk periode, trong for å prioritere. Lokalsamfunnskonferansen 15. – 16. januar i Oslo. Sjå eventuelt.		
<b>3 –Organisering av møta i ordførarutvalet og kommunedirektørutvalet v/Hans</b>  Konklusjon: <ul style="list-style-type: none"><li>- føremål blir samarbeidsmøte mellom ordførarutvalet i Setesdal IPR, dagleg leiar i Setesdal IPR og kommunedirektørutvalet.</li><li>- form blir deling; starter møtet saman, avsluttar med felles lunsj.</li></ul> Etter lunsj fortsetter ordførarutvalet som vanleg med møte og bedriftsbesøk. Ein vil halde fram med å rotere møtestad mellom kommunane.		Hans

<p><b>4 - Sekretærfunksjon på møter i kommunedirektørutvalet v/Hans</b></p> <p>Sjå punkt 3. Dersom kommunedirektørutvalet har eigne møte etter, eller i tillegg til, samarbeidsmøte mellom ordførarutval, dagleg leiar og kommunedirektørutval, ordnar dei sekretærfunksjonen sjølv.</p>		
<p><b>5 - Prosjekt knyta til kartlegging av regionens mulige bidrag knyta til ny produksjon av «grøn kraft» v/Hans</b></p> <p>Ref drøftingsak i styremøte 6. desember samt innspel til ordførarutvalet:</p> <p><i>Man ser et stadig større fokus på hvordan samfunnet kan sikre seg mer strøm i årene som kommer. Vindkraft, optimalisering av dagens vannkraftverk, mulige etableringer av pumpekraftverk, potensiale for mer småkraftverk, produksjon av solenergi, vindkraft, hydrogenproduksjon med basis i tilgang på lokal kraft m.m. blir nevnt. Setesdalsregionen er tungt inne i form av vannkraftproduksjon og synergien av har bidratt til lokal verdiskapning og bosetting i dalen. Jeg mener også at regionen bør være offensiv i forhold til å synliggjøre hvordan man bidra til økt produksjon av ny «grønn» kraft i framtida. En kartlegging av dette potensialet mener jeg vil kunne være et veldig bra regionalt prosjekt som kan bidra til ytterligere verdiskapning i dalen.</i></p> <p>Dialog kring temaet kraft, både generelt ift produksjon, potensiale, tilgang og pris. Alle einige i at ein bør løfte temaet regionalt, og at det er viktig med fakta og auka kunnskap.</p> <p>Drøftingsaka vert teke til orientering utan vedtak eller særleg drøfting. Rita ser for seg å følge opp med styresak, med forslag til prosjekt, vidare prosess osv. Styresignal da kan koma fram i styrehandsaminga, og takast med i et eventuelt vedtak.</p>		Rita
<p><b>6 - Arbeid inn mot Agder fylkeskommune i forhold til framtidig bruk av konsesjonskraftmidlar v/Hans</b></p> <p><b>Frå førre møte i ordførarutvalet:</b>  <i>Utvalet er einige om at ein bør få på plass ein intensjonsavtale mellom Rådet og fylkeskommunen. Hans følger opp politisk.</i></p> <p>Før valet vart temaet drøfta med politisk leiing i Agder fylkeskommune. Administrasjonen i fylkeskommunen meldte nylig at det vil bli fremja sak for fylkestinget i februar 2024 - <i>saken omhandler oppfylging av tidligere avtale om bruk av konsesjonskraftsmidler og hva som gjenstår å utbetale.</i></p> <p>Dialog kring temaet, bakgrunn og moglegeheitsrom. Tidlegare konsesjonskraftavtale til dåverande regionråd utgikk i 2019. Blei forsøkt reforhandla av politisk leiing, utan å føre fram. I 2020 vart det ei såkalla overgangsordning, initiert av politisk posisjon i fylkeskommunen, men etter det er avtalen historie.</p> <p>Drøfting om prosess for reforhandling.</p> <p>Framover har fylkeskommunen signalisert å kanalisere konsesjonskraftmidlar til varige infrastrukturtiltak i indre Agder og Setesdal, nå som «gul stripe til Hovden» nærmar seg slutten og at også avtalen med fylket knytte til dette går ut i 2023.</p> <p>Einige om at ein må stå saman og må samle seg om prioriterte tiltak.</p> <p>Noverande konsesjonskraftavtale, som varer ut 2023, bør me ta initiativ til å reforhandle. Gul stripe er ikkje ferdig enno, vidare er initiativ frå regionen viktig for at avtale, tidlegare praksis osv ikkje berre «renner ut i sanden». Ønskeleg</p>		

<p>med ein intensjonsavtale knyta til framtidig bruk av konsesjonskraftmidlar i Setesdal. Einige om å etablere forhandlingsutval og gjennomgå noverande avtaler. Teamsmøte avtalt <b>fredag 15. desember kl 0830.</b></p>		
<p><b>7 – Politisk påverknadsarbeid</b></p> <p>a) Bygdevekst Søknad frå Åseral kommune pva alle 5 kommunane. Rita orienterte kort. Ingen søkjarar har fått tilbakemelding om utfall av årets søknad om Bygdevekst enno. Siste tilbakemelding frå departementet, 4. desember, er at «det vil komme beskjed før nyåret». Politisk avgjersle på nasjonalt nivå. Greitt med avklaring.</p> <p>b) Nasjonal turistveg Rita orienterte kort, frå forhistorie, Hurdalsplattform, forankringsarbeide og fram til politisk kontaktflate/initiativ før valet. Viktig at politisk leiing held fram både med trykk og drypp. Rita sender stikkord, oversikt over forankringsarbeidet osv til utvalet.</p> <p>c) Strømprisutvalet Rita lager utkast til høyrings svar ila uka. Frist 15. desember. Tek sikte på å innarbeide innspel frå hotellnettverket i høyrings svaret.</p>		
<p><b>8 - Eventuelt</b></p> <p>a) Neste styremøte inklusive regionalt politiråd, er 7. februar i Bykle. Blir eiga saksliste til regionalt politiråd, som settas opp saman med politiet, samt eiga referat iht tidlegare praksis. I 2023 blei rapporten Trusselvurdering for Agder også tatt opp. Rapporten for 2024 offentliggjer 31, januar.</p> <p>b) I Agder er det 4 interkommunale politiske råd. Iveland er medlemskommune i Region Kristiansand IPR.</p> <p>c) Kraftløftet LO og NHOs initiativ for grøn energi. Blir eiga orientering i styremøte. Grunna møtekollisjonar vert det først i april.</p> <p>d) Runar informerer om at Bygland kommune kjem til å invitere til eiga temadag om kraft saman med LO og NHO. Dato ikkje fastsett. Meir info kjem.</p> <p>e) Hans spør om andre har erfaringar med/kjennar til SIVA (<a href="https://siva.no/">https://siva.no/</a>) Ingen spesielt. Rita orienterer kort om sak kor det var snakk om SIVA som ein relevant aktør.</p>		Hans / Rita
<p><b>Bedriftsbesøk, inkl felles lunsj frå kl 1200</b></p> <p>Åseral Hytteservice v/ Satu Koski og Karl Robert Leland. Sjå eiga sak og bilete på <a href="#">nettsida</a> og <a href="#">facebook</a> frå besøket.</p> <p>Meir informasjon om verksemda:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Verksemdas heimeside: <a href="https://www.bortelid.nu/">https://www.bortelid.nu/</a></li> <li>• Verksemdas facebooksider:</li> <li>• Åseral hytteservice: <a href="https://www.facebook.com/bortelidservice.no">https://www.facebook.com/bortelidservice.no</a></li> <li>• Håvestøl NaturCamp: <a href="https://www.facebook.com/profile.php?id=100083383595609">https://www.facebook.com/profile.php?id=100083383595609</a></li> </ul>		
<p><b>Neste møte:</b></p> <p>Oppsatt møte 15. januar m/bedriftsbesøk i Bykle utgår. Alle fått invitasjon til Lokalsamfunnskonferansen 2024, 15. – 16. januar. Ordførarar, dagleg leiar og</p>		

kommunedirektørar deltek. Ein samlas etter avtale undervegs alt etter kva som stend på programmet. Påmelding, reise osv ordnar kvar einiskild.		Alle
--	--	------

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen  
dagleg leiar